



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 12.12.2017
Tid: 13:45 – 18.30

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Ivar Slettevoll	Medlem	H
Arnfinn Hide	Medlem	H
Elisabeth Strand Slettestøl	Medlem	H
Geir T. Torsvik	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Camilla Auflem Vik	Medlem	A
Helge Støylen	Varaordførar	TVP
Bjørn Flatøy	Medlem	TVP
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Olav Myklebust	Medlem	SP
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Marion Flatøy Bringsvor	Medlem	FRP
Kåre Fjørtoft	Medlem	FRP
Einar Ekroll	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Trond Torset	Medlem	A
Inge-Jonny Hide	Medlem	H
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Kjerstin Sande	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Wenche Bjørkeng	Ruth Hatlebrekke Rekdal	H
Mathias B. Gjerde	Mathias Hogne Gjerde	H
Åge Sandvik	Inge-Jonny Hide	H

Sunniva Nupen	Arnljot Muren	A
Sindre Torset	Trond Torset	A
Ove Myklebust	Kjerstin Sande	TVP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Konst.rådmann
Asle Giske	Rådmann i sjukepermisjon
Tove Cathrine Kvamme	Konsulent
Elin Rekdal Skogstad	Stabssjef – møte til sak 64/17
Øystein Johansen	Oppvekst- og kultursjef – møte til sak 64/17
Torhild Aakre Støylen	Personalsjef – møte til sak 64/17
Kjell Martin Vikene	Teknisk sjef – møte til sak 64/17
Hilde Knotten Dyrhol	Nav-leiar – møte til sak 64/17

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 21

Einar Ekroll ba om at søknad om spelemidlar til Larsnesvika Sanitærhus frå Larsnes Helselag vart handsama i møtet.

Ordføraren ba administrasjonen førebu sak til første møtet i formannskapet i januar.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 55/17	Skriv og meldingar	
PS 56/17	Kulturminneplan for Sande 2017	2015/1090
PS 57/17	Tilrettelegging for borgarlege vigsler i Sande kommune.	2017/998
PS 58/17	Lena Anette Muren - Søknad om fritak frå verv i SU for skule og barnehage ved Gjerdsvika Oppvekstsenter	2017/963
PS 59/17	Naboen Restaurant Sande AS - Serveringsløyve og løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 for perioden 01.12.2017 - 30.06.2020.	2017/1104
PS 60/17	Rovdefjordsambandet - Teikning av nye aksjar	2015/1411
PS 61/17	Sluttfinansiering Fleirbrukshallen	2017/115
PS 62/17	Høyring - Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal 2019 - 2022	2017/1411
PS 63/17	Storehaugen - Skjønnsagt av Søre Sunnmøre tingrett	2014/510
PS 64/17	Budsjett 2018, Økonomiplan 2018 - 2021	2017/818

Eventuelt

PS 55/17
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Kommunestyret :

RS 31/17 SSR - Ferdigsignert protokoll frå møtet i representantskapet 27/10-2017

RS 32/17 Status rapport SSIKT pr 01.12.2017

RS 33/17 Kontrollutvalet: Møteprotokoll frå møte 19.10.2017

RS 34/17 Kontrollutvalet: Møteprotokoll, møtedato: 22.11.2017

RS 35/17 Meldingssak - mandat interkommunalt samarbeid barnevern

RS 36/17 Fylkesmannen i MR: Høyringsvar til budsjettet for 2018

Møteplan 1. halvår 2018

VEDTAK:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

PS 56/17
KULTURMINNEPLAN FOR SANDE 2017

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Kulturminneplan for Sande kommune 2015-2025 vert godkjend slik den ligg føre, med tillegg av ei oversikt over automatisk freda kulturminne.

PS 57/17
TILRETTELEGGING FOR BORGARLEGE VIGSLER I SANDE KOMMUNE.

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

1. Den kommunale vigselfretten blir i Sande kommune teke hand om av ordførar og varaordførar.
2. Vigsel skal finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselftidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudfolket og vigsllaren.
3. Vigsel finn stad på rådhuset, i kommestyresalen eller på ordførar sitt kontor.
4. Vigsel i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigsllaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.
5. Det administrative ansvaret for vigsselfordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigsllane kan finne stad innanfor verdige rammer.

PS 58/17

LENA ANETTE MUREN - SØKNAD OM FRITAK FRÅ VERV I SU FOR SKULE OG BARNEHAGE VED GJERDSVIKA OPPVEKSTSENTER

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Lena Anette Muren får avslag på søknad om fritak for verv som representant i samarbeidsutvalet for skulen og vararepresentant i samarbeidsutvalet for barnehagen ved Gjerdsвика oppvekstsenter.

PS 59/17

NABOEN RESTAURANT SANDE AS - SERVERINGSLØYVE OG LØYVE TIL SKJENKING AV ALKOHOLHALDIG DRIKK I GRUPPE 1, 2 OG 3 FOR PERIODEN 01.12.2017 - 30.06.2020.

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommune gjev Naboen Restaurant Sande AS, org.nr 919 635 916 serveringsløyve etter Serveringslova § 3.

Sande kommune gjev med dette Naboen Restaurant Sande AS , org.nr 919 635 916, skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk for varegruppe 1, 2 og 3 (inntil 60 vol.%)

Løyva gjeld for Gnr 87 Bnr 17, feste nr 1 (Vika Kro sine tidlegare lokaler) på Larsnes. Areal for utandørs servering er avmerka på foto vedlagt søknaden.

Serveringsløyvet gjeld frå vedtaksdato.

Skjenkeløyve gjeld frå vedtaksdato til 30.06.2020

Skjenketidene vert godkjent slik:

- **Gruppe 1, 2 og 3, inne:** Måndag til torsdag kl 13.00 – 23.00, fredag og laurdag kl 13.00 – 01.00 og søndag kl 13.00 – 22.00.
- **Gruppe 1 og 2, ute:** Måndag til laurdag 13.00 – 23.00, og søndag kl 13.00 – 22.00 (opningstid). Uteserveringa skal foregå på terrasse mot sjøen.
- Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.

Styrar og stedfortredarar:

Mostafa Ghazi, 27.05.96 vert godkjent som styrar for skjenkeløyvet.

Refak Ghazi, f. 18.02.73 vert godkjent som stedfortredar for skjenkeløyve.

Naboen Restaurant Sande AS får frist til 30.06.2018 med å få på plass godkjent styrar og stedfortredar som ikkje innehar same funksjon ved ein annan skjenkestad.

Andre vilkår for skjenkeløyvet:

- Skjenkestaden, med minimum styrar og stedfortredar skal delta på første moglege kurs i ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette.
- Internkontrollrutinar skal føreleggast seinast 1 mnd etter opning av skjenkestaden.

Vedteket er heimla i alkohollova §§ 1-6, 1-7c og 3-7, samt kommunen sin løyvedel i den alkoholpolitiske handlingsplanen for perioda 2016 – 2020.

PS 60/17

ROVDEFJORDSAMBANDET - TEIKNING AV NYE AKSJAR

Handsaming i Kommunestyret :

Dag Vaagen og Olav Myklebust gjekk frå som ugild grunna styreverv/styrevaraverv i Rovdefjordsambandet. **19 røysteføre.**

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommune teiknar seg for inntil 10 aksjar à kr 5 000 ved kapitalutviding i Rovdefjordsambandet AS.

Kjøpet vert finansiert med midlar frå kommunens ubunde investeringsfond.

Dag Vaagen og Olav Myklebust tok sete att. **21 røysteføre.**

PS 61/17

SLUTTFINANSIERING FLEIRBRUKSHALLEN

Handsaming i Kommunestyret :

Einar Ekroll gjekk i frå som ugild grunna styreverv i Larsnes IL. **20 røysteføre.**

Samr som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre vedtek slik sluttfinansiering

Sande kommune	kr 2.099.000	Lån
Larsnes IL	kr 1.500.000	** Tilskot
RDA	kr 480.000	Tilskot

Ordførar får fullmakt til å inngå avtale med Larsnes IL.

Einar Ekroll tok sete att. **21 røysteføre.**

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

1. Sande kommunestyre er uroleg for Helse Møre og Romsdal sine økonomiske utfordringar. Kommunestyret stiller spørsmål om det er rom for å løyse oppgåvene innanfor føretaket sine rammer utan å forsere oppgåveoverføring til kommunane før dette er forankra i Stortinget, og kommunane er gjort i stand både økonomisk og kompetansemessig til å overta desse oppgåvene. Sande kommunestyre ser utviklingsplanen som ei «reform» som har konsekvensar av ein slik karakter at dei bør utgreiast og handsamast på nasjonalt nivå av departement og Storting.
2. Sande kommunestyre viser til saksutgreiinga og denne går som heilheit til uttale til Utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal 2019 - 2022.
3. Sande kommunestyre vil trekkje fram nokre heilt vesentlege forhold:
 - a) Dei store utfordringane med Samhandlingsreforma har enno ikkje sett seg godt nok. Utviklingsplanen gir ei oppleving av at HF Møre og Romsdal planlegg å forsere oppgåveoverføring som ikkje er konsekvensutgreidd eller tilstrekkeleg nasjonalt forankra, og som kan få alvorlege konsekvensar for kommunane og pasientane.
 - b) Når slike meiroppgåver ikkje er finansiert får dette konsekvensar for dei kommunale helse og omsorgstenestene av ein slik karakter at kommunane ikkje kan garantere å kunne innfri lovkravet om å levere gode og forsvarlege tenester. Oppgåveoverføring som treng vesentlig planlegging, omlegging av tenester og utløyser meirkostnadar må vere avtalt på førehand. Jfr Samhandlingsavtalen kapittel 5.
 - c) Sande kommunestyre er, ut over dette, spesielt uroa over at Utviklingsplanen har så lågt ambisjonsnivå for Sjukehuset i Volda som akuttstjukehus og for Mork Rehabiliteringssenter.
 - d) For sjukehuset i Volda krev Sande kommunestyre at Utviklingsplanen slår fast at «Volda sjukehus skal vidareutviklast som eit vel fungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen»
 - e) For Mork rehabiliteringssenter ber Sande kommunestyre at kommunane i nedslagsfeltet blir haldne nøye orientert om dei vidare planane og får høve til å uttale oss om desse og eventuelle konsekvensar. Jfr Samhandlingsavtalen kapittel 5.

PS 63/17
STOREHAUGEN - SKJØNN SAGT AV SØRE SUNNMØRE TINGRETT

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre tek skjønn sagt 21.11.2017 i Søre Sunnmøre tingrett til vitande.

PS 64/17
BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 - 2021

Handsaming i Kommunestyret :

Asle Giske orienterte.

- Sunniva N. Nupen forlet møtet. **20 røysteføre.**

Einar Ekroll, V: Oversendingsframlegg til administrasjonen

Sande kommune vurderer gebyrsatsane for vassavgifta i kommunen.

Ein arbeider aktivt med å få fleire abonnentar slik at ein kan bygge ut raskare anlegga eller får redusert årskostnaden for dei som er tilknytt vassverka.

Spørsmål frå Helge Støylen, Tvp:

- Bruk av finansinntekter/avkastning på fond og budsjettering av desse.
- Ubrukte lånemiddel, bruk av desse og opptak av nye lån.

Asle Giske svarde på spørsmåla frå Helge Støylen.

Spørsmål frå Jon Garen, Ap:

- Utbygging av byggefelt, tomtekjøp og investeringsmidlar til grunnkjøp

Konst. rådmann Oddbjørn Indregård og teknisk sjef Kjell Martin Vikene svarde på spørsmålet frå Jon Garen.

Endringsframlegg til formannskapet si tilråding frå Dag Vaagen, H:

1. Beste estimat omstilling: + 2 mill (til 4 mill)
2. Kommunestyret ber om at rådmannen til kommunestyremøte den 06.02.18 førebur sak med gjennomgang av investeringsbudsjettet (skjema 2A/2B) med sikte på naudsynte prioriteringar som grunnlag for tilbakemelding til Fylkesmannen.

Jon Garen, Ap: Oversendingsframlegg til administrasjonen

Reglement for folkevalde i Sande kommune vert rullert.

RØYSTING:

Formannskapstilrådinga med endring sett fram av Dag Vaagen, H vart samrøystes vedteke.

Oversendingsframlegg frå Einar Ekroll, V vart samrøystes vedteke oversendt.

Oversendingsframlegg frå Jon Garen, Ap vart samrøystes vedteke oversendt.

VEDTAK:

Sande kommunestyre vedtek:

1. Skjema 1a/1b vert vedteke som lagt frem her med følgjande endringar:

Pkt 41 i skjema 1a/1b Beste estimat gjennomført omstilling 2018: Kr 4 000 000,-

Kommunestyret ber om at rådmannen til kommunestyremøte den 06.02.18 førebur sak med gjennomgang av investeringsbudsjettet (skjema 2A/2B) med sikte på naudsynte prioriteringar som grunnlag for tilbakemelding til Fylkesmannen.

STRATEGIUTVIKLING FOR PLEIE- OG OMSORGSESEKTOREN I SANDE KOMMUNE

Framlegg: Følgje opp strategiane i pkt. 4.2.4 i vedlegg 3.

Strakstiltak: Strategi 1: Få på plass ein transparent og politisk forankra tildelingspraksis som tildeler tenester på en måte som slår rettferdig ut. Administrasjonen får i oppdrag å utarbeide sak snarast på framlegget.

2. Der det inneber at ein i eigne prosesser både politisk og administrativt kontinuerlig arbeider for å styre Sande kommune mot eit netto driftsresultat på 2 % av brutto driftsinntekter innan 2020 og etter det held det stabilt på det nivået.

3. Skjema 2A/2B vert vedteke som lagt fram her, og med slike endringar:

Ambulansegarasje på Voksa + 150.000 i 2018. (Utgiftene vert dekt gjennom leigeinntekter frå Helse Møre og Romsdal HF.

Gursken Kyrkje, utbetringstiltak + 500.000 i 2018, + 700.000 i 2019.

Asfaltering + 400.000 i 2018

Bustadfelt Gjerdsvika + 300.000 i 2018 og + 500.000 i 2019

Inndekning: oppstart brannbilgarasje - 2.000.000 i 2020

4. Betalingsregulativet vert vedteke som lagt frem her.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart Mathias B. Gjerde og Camilla Auflem Vik valde

Møtet slutt kl 18.30

Mathias B. Gjerde

Dag Vaagen

Camilla Auflem Vik

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 13. desember 2017

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær